


Vil styra bygda inn i framtida



Trur på opptur: Styreleiar i Kvam næringsråd, Torleiv Ljones (t. v.), etterlyser gode prosjekt. Initiativtakar Alf H. Brekke er optimist, og har tru på at trenden i Strandebarm kan snuast.

Nær sytti deltok fredag på eit folkemøte om Strandebarm. Tema var verdiskaping og bygda si framtid. Frammøtet gjer initiativtakar Alf H. Brekke sterk i trua på at bygda kan gå ei lys framtid i møte – dersom alle bidreg.

GRO HEIDI ÅSEN MOLLAND

Bygdeutvikling til nytte og glede for heile samfunnet var det sentrale temaet då foredragshaldar og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringer på Jæren, Dag Jørund Lønning, fredag sette kveik i strandbermingane. Han har gjennom arbeid og ulike prosjekt fleire stader i landet lært my-

kje om korleis bygdesamfunn kan utvikla seg i positiv retning, og kva som gjer at pila i mange småbygder peikar motsett veg.

– Nokre bygdesamfunn går så det susar, medan andre slit. Dei som får det til, er dei som gjev rom for homo ludens – det leikande mennesket. Det handlar om å gje den einiskilde fridom til å delta. Det vert i for stor grad gløymt at dei fastbuande skal trivast og få fridom – ikkje berre dei som vitjar staden, sa Lønning, som har skrive doktoravhandling om nyskaping i norske bygdesamfunn. Han drog fram reiselivssatsinga i Lofoten som eit døme.

– Å skapa eller å bli skapa

– Det må lagast opplevingar som gjev turistane eit godt tilbod. Me må ikkje gjera det slik at bygda berre blir ein stad me besøkjer,

men hugsa at det også er ein stad me bur. Og kven sitt ansvar er det at bygda di skal gå på fram? Jau, det ligg hos deg. Engasjementet ditt er heilt avgjerande for at bygda skal overleva, sa Lønning.

Viss ein ikkje gjer noko, vil dei urbane kreftene koma til å ta over, hevda han.

– Det handlar om å verdiskapa eller å bli verdiskapa. Strandbermingane har ressursar som kan brukast på andre måtar. Gå i gang! lydde oppfordringa frå Lønning.

Han understreka at det er viktig å finna ein tenkjemåte som inkluderer alle i samfunnet. Han framheva at det er stor verdi i å få fram fleire gründerar.

– Det finst faktisk mange som er interesserte i det ein driv med her på bygda. Men hugs: Det vil aldri fremja ei bygd om ein sit på kvar si tue, konkluderte Lønning.

– Stort potensial

Etter foredraget vart motedeltakarane betre kjende med prosjektet *Livoglyst*, som er eit program for lokal utvikling i Hordaland. Målet er å stimulera til nyskaping, næringsutvikling og "bulyst". Programmet støttar prosjekt som settar særskilde krav, og er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannens landbruksavdeling, Innovasjon Noreg og Sparebanken vest.

– Med dette frammøtet har de gode utsikter om de vil søkja om pengar, sa prosjektleiar Ole Øvre-tveit.

Han viste til at nokre av bygdene som har fått stønad frå programmet, har hatt stor suksess med sine prosjekt, mellom andre Samnanger, Espevær og Fjelberg.

– Eg har sett ein rykande fersk prognose som seier at folketalet i

Kvam vil vera omtrent som no i 2030, om ikkje noko spesielt skjer. Her er så mange at det er tydeleg at noko spesielt skjer, sa kultursjef Lars Erik Klafstad i Kvam herad.

Han rådde initiativtakarane i Strandebarm til ikkje å stola på kommunen eller fylkeskommunen.

– Det kjem ikkje noko initiativ derifrå, det kjem frå dykk. Få politikarane med! oppmoda Klafstad.

Bygdekrangel er engasjement

Regionbanksjef Lars-Audun Torvik i Sparebanken Vest understreka at ein har det utruleg bra i Kvam, trass i diskusjonane mellom bygdene.

– Me kranglar litt, men det tyder at me er engasjerte. Me har kvalitetar som rein luft og reint vatn, og har to minutt til fjells og natur. Greier me å formidla det, vil kanskje andre flytta til oss, sa han.

Styreleiar i Kvam næringsråd, Torleiv Ljones, oppmoda initiativtakarane om å sjå nærare på kva som er Strandebarm sine sterke og svake sider. Han meiner ein bør prøva å utvikla eit meir allsidig næringsliv i kommunen, og opplyste at næringsrådet har 2,5 millionar kroner til utdeling i 2012. Han åtvåra samstundes om at det kan vera vanskeleg å få til ting til utanfor kommunesenteret.

– Har omsut for bygda

Initiativtakar til bygdemøtet, Alf H. Brekke, er svært nøgd.

– Dette var fantastisk, seier den engasjerte strandbermingen, som har med seg Kristina Lysen, Nils Ove Berge og Sverre Sørnes i arbeidsgruppa Strandebarm 2011+.

– Kvifor tok du initiativ?

– Bygda er i ein klassisk bølgedal. Det me sa til borna våre, kjem attende rett i fleisen vår: "De må reisa herifrå, for her på bygda er det inga framtid." Ungdomane våre reiser ut for å ta utdanning, og kjem ikkje tilbake. Engasjementet vårt skuldast rett og slett omsut for bygda, seier Brekke til HF.

– Det finst mange døme på småstader der ei lita gruppe reiser seg og lovar kamp mot bygeder og anna styggedom, men etter ei lita stund gjev dei opp, og ein er attende i same trøien. Kvifor trur du de vil lukkast?

– Me må byggja vegen litt etter kvart. Alle kan bidra. Det viktigaste vert å få alle med. Då trur eg at det skal gå bra. Eg er optimist, fastslår han.



Frå venstre:

Banksignatur: Motedeltakarane vart oppmoda til å skriva seg på ei liste for å få informasjon om kva som skjer med bygdeutviklingsinitiativet. Regionbanksjef Lars-Audun Torvik frå Sparebanken vest ynskjer å vera mellom dei orienterte.

Plikt: Alle i samfunnet kan og må bidra til bygdeutvikling, meiner Dag Jørund Lønning.

10/5 - 2011